



FRAMTIDA TIL TRONVIK

Styreleiar, styremedlemmar og AD;

Velkome til Høyanger kommune og til Tronvik;

I dag stiller me mannsterke opp frå det politiske miljøet i Høyanger kommune.

I ordføraren sitt fråvær er det eg som ber fram nokre ord frå eit samla Høyanger kommunestyre...

Tronvik har i dag 15 senger ved rusposten – og 37 årsverk, dei fleste heimehøyrande i Høyanger kommune. Mange har lang ansiennitet og har difor krav på anna arbeid i helseføretaket.

Pasientane på rusposten kjem i hovudsak frå Helse Bergen og Helse Fonna sitt område. Helse Førde har god nok kapasitet på dette feltet i dag i sitt område, definert som «gamle» Sogn og Fjordane fylke.

Helse Vest har utarbeida ein regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) for åra 2021-2025.

Kva er status og vidare framdrift i dette arbeidet?

Tronvik har dei siste åra spesialisert seg innanfor rusbehandling og rehabilitering. Institusjonen har opparbeida seg eit godt omdøme innan dette viktige fagfeltet.

Tronvik ligg i rolege og naturskjønne omgjevnader, med tenlege bygningar som Helse Førde likevel må halde ved like etter pålegg frå nasjonale verne-styresmakter. Dette gjer at det nærast må vere ein «vinn-vinn» situasjon for Helse Vest og Helse Førde å auke kapasiteten på rusbehandling på Tronvik i staden for å avvikle den.

I fjor vedtok Helse Vest ei styrking av Tronvik med 11,5 ekstra millionar og fem nye plassar. Dette etter eit flott initiativ frå Helse Førde.

Høyanger kommune forventar at Helse Førde no intensiverer arbeidet med å styrkje og vidareutvikle Tronvik som behandlingstusitusjon!

Sjølv om det har vore vanskeleg å rekruttere både spesialistar og legar i utdanning til eininga, så må de ikkje gi opp dette viktige arbeidet for dei svakaste i samfunnet vårt!!

Ei nedlegging er i konflikt med det såkalla oppdragsdokumentet til Helse Vest, eigar av Helse Førde, kor psykisk helse og rusbehandling er satsingsområde.

Helse Førde må også kunne syne oss og omgjevnaden kva dei faktisk sparar på legge ned Tronvik!

Sjølv med økonomiske utfordringar skal ikkje tilbod innan psykisk helse og tverrfagleg spesialisert rusbehandling råkast. Det er oppdragsdokumentet frå departementet veldig tydeleg på.

Det er også tydelege satsingsområde hos både førre og noverande regjering.

Regjeringa har avvikla fritt behandlingsval. Difor har Helse Vest lagt opp til ein reduksjon i kjøp av eksterne behandlingstlassar innan rusbehandling, og auka kapasiteten på Tronvik frå 15 til 20 døgnstlassar i år.

«Helse Vest har signalisert eit sterkt ønskje om å vere dimensjonert slik at pasientane i regionen kan få behandling i Helse Vest sitt eige geografiske område», skriv Helse Førde sjølv i ei melding mars 2022.

Høyanger kommune ønskjer å spele på lag med Helse Vest og Helse Førde. Vi har som mål å vere ein god vertskommune for all aktivitet som eksterne aktørar har i kommunen vår. Difor stiller vi her i dag, og vi stiller oss til rådvelde for vidare dialog og samhandling i denne utfordrande saka. Lukke til med styremøtet og takk for at vi fekk kome å seie nokre ord!